



TRONDHEIM SPORTSFISKERE

Postboks 2952, Sluppen
7438 Trondheim
Bankkto: 0530.44.19255

03.05.05

Hei alle saman!

Her er ei oversikt over dei siste aktivitetane i vår.

Kasting med Bjørner B. Christensen

Bjørner B. Christensen stiller som i fjor med lange liner og Bruce and Walker stengert til demo/instruksjon i speykasting. Tidspunktet for dette er onsdag **11 mai kl 1800**. Arrangementet vert i Nidelva ved Nydalsdammen på Osloveisida.

Kurs i praktisk laksefiske med Stener Skogmo

Stener Skogmo vil ha eit praktisk kurs i laksefiske **onsdag 25 mai kl 1800**. Kurset vert arrangert mellom Øvre og Nedre Leirfoss i Nidelva. Deltakerne treng ikkje å ha med vadebukse, men må gjerne ta med det utstyret dei bruker mest.

Tema: Laksen, å lese elva, standplassar, hoggteoriar, praktisk fiske, flugeval utstyrstips m.m.

Flugebinding

Flugebindinga er offisielt over for denne våren, men vi legg opp til eit temamøte **mandag 30 mai kl 1900**. Tema for møtet blir Riffle hitch – både med omsyn til flugebinding og fiskemetode. Vi møtest først ved SINTEF Energiforsyning til ein del med flugebinding og litt om montering av flugene, deretter flyttar vi til Nidelva mellom fossane for å prøve ut flugene i praksis. Instruktør vil vere Kjell Ove Grimsmo.

Avslutning på Carl Johan

Som ei avslutning på aktiviteten i vår legg vi opp til eit uformelt møte på Carl Johan der ein kan møtast for å diskutere planar for den komande sesongen, eller minnast bravader frå tidlegare sesongar. Vi legg opp til å gjere dette torsdag 26/5, kl 20.00. Foreninga ordnar bord og vi oppfordrar alle til å ta med gode historier og møte opp.

Fiskekort i Nidelva

Medlemmar i Trondheim Sportsfiskere vil og i år kunne kjøpe fiskekort på vald som er disponert av Trondheim Jeger og Fiskeforening til redusert pris. Vi kjem tilbake med meir info om prisar og vald på foreningas nettside når dette er klart.

Harrtur til Toftemo i Gudbrandsdalen.

Vi startar opp hausten med den tradisjonelle harrturen til Toftemo i Gudbrandsdalen frå **2 til 4 september**. Vi bestiller innkvartering i hus på Toftemo skysstasjon og legg opp til felles middag laurdagskvelden. Vi kjem tilbake med meir detaljar i medlemsbrev når turen nærmar seg.

Minner elles om kontingent for 2005. Framleis ikkje for seint å betale, og dersom nokon manglar giro eller har andre spørsmål så ta kontakt. Idear til aktivitetar utover hausten vert og tatt i mot med takk.

For styret

Knut Alfredsen

Mob-tilf. : 93205501

E-post.

: knut.alfredsen@c2i.net